



### **Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker**

**Møtedato:** 23.03.2017

**Møtetid:** kl. 20:00

**Møtestad:** Møteplassen

#### **Til stade:**

Anne Kjersti Tveiten Erikstein, Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Andreas Westermoen, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg, Marit Jøssang, Synnøve Kårstad Ryland

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

#### **Meldt forfall:**

Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Brigt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss.

#### **Innkalling, saksliste og sist møtebok:**

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 31.01.17 vart godkjent.

#### **Meldingssaker:**

##### **Sak 007/17 Årsmelding 2016**

*Forslag til vedtak:*

*Møtebehandling:*

#### *Vedtak:*

Soknerådet gir soknerådsleiar og stab fullmakt til å gjere ferdig årsmeldinga utifra signal i møtet.  
Årsmeldinga er godkjent med desse endringane.

Samrøysta vedtak.

##### **Sak 008/17 Organisering av eigarskap kyrkje og kulturhus**

*Forslag til vedtak:*

Meland sokneråd går inn for modell B eller C i revisjonen si utgreiing om driftsmodell og eigarskap av ny kyrkje eller kulturhus. Modell A vil ikkje vere mogleg, eit kyrkjerom må vere eigd av soknet.

Av omsyn til innsamling av gåver og sponsormidlar til bygging, og til frivillig innsats i drifta, vil soknerådet tilrå at kyrkja vert eigar og driv større delar av bygget enn berre kyrkjerommet, til dømes barne og ungdomslokale. Reine kommunale rom/funksjonar, til dømes bibliotek, må vere eigd og driven av kommunen. Soknerådet har ønske om å finne ein god driftsavtale med gjensidig respekt mellom partane.



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

*Møtebehandling:*

*Vedtak:*

Meland sokneråd går inn for modell B eller C i revisjonen si utgreiing om driftsmodell og eigarskap av ny kyrkje eller kulturhus. Modell A vil ikkje vere mogleg, eit kyrkjerom må vere eigd av soknet.

Av omsyn til innsamling av gåver og sponsormidlar til bygging, og til frivillig innsats i drifta, vil soknerådet tilrå at kyrkja vert eigar og driv større delar av bygget enn berre kyrkjerommet, til dømes barne og ungdomslokale. Reine kommunale rom/funksjonar, til dømes bibliotek, må vere eigd og driven av kommunen. Soknerådet har ønske om å finne ein god driftsavtale med gjensidig respekt mellom partane.  
Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje